

**Notat**

Dato: 08.10.2018  
Arkivsak: 2018/14752-1  
Saksbehandlar: oydziem

---

**Til:** Utval for opplæring og helse

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Namn på den vidaregåande skulen i Øygarden**

Fylkesutvalet handsama 20.09.2018 sak PS 228/18 Nye Sotra vgs – tomteval. Tilrådinga frå OPHE vart vedteken som innstilling frå FUV til fylkestinget og vart vedteken der 02.- 03.10.2018 i sak 86/18.

Ved handsaminga i FUV sette Aud Karin Oen (SV) fram slikt forslag:

«Tilleggspunkt:

*Namnet på den vidaregåande skulen skal vera «Øygarden vidaregåande skule».*

Oen sitt forslag vart endra til oversendingsforslag til Utval for opplæring og helse utan realitetshandsaming.

Fylkesrådmannen kjem tilbake med eiga sak om namn på den nye vidaregåande skulen i Øygarden, tentativt i januar 2019.